

## LIVSFARLEG LUFT

**FORUREINA LUFT:** 16 av dei 20 mest luftforureina byane i verda ligg i Kina. 300.000 kinesarar dør kvar år for tidleg på grunn av utandørs luftforureining frå industri og transport.

**SKITNE BYAR:** Berre ein prosent av 560 millionar urbane kinesarar, pustar i luft som blir rekna for å vera trygg i EU.

**DÅRLEG INNEMILJØ:** Kvar år dør rundt 400.000 kinesarar for tidleg på grunn av innandørs luftforureining. Manglande økonomisk utvikling gjer at kinesarar på landsbygda fyrer med kol, jordbruksavfall og ved i dårlege eldstader eller omnar.

**HEMMAR VEKSTEN:** Ifølgje Verdsbanken kostar miljøskadane kvar år Kina 3 til 6 prosent av BNP.

(Kjelder: Verdas helseorganisasjon (WHO), Verdsbanken, Cicero-forskar Kristin Aunan.)

# Blå himmel – også etter OL?

Med eit krafttak klarte Kina å gjera lufta reinare i Beijing til OL. Men kva skjedde med luftkvaliteten etter at fakkelen brann ut og verda sine fjernsynskamera vart snudd vekk?

Ellen Kongsnes tekst  
Turid Furdal tekst og foto

**BEIJING:** – Kinesarane gjorde eit stort eksperiment som andre klart kan lære frå. Det kan vera eit veldig viktig bidrag for å betra luftkvaliteten i andre byar, meiner klimaprofessor Helge Drange ved Universitetet i Bergen.

Klimaforskaren meiner restriksjonane som vart innført i Beijing og omland under OL nesten er på nivå med 11. september 2001, då flytrafikken over USA vart stengt i tre dagar.

I haust var Drange igjen i Beijing for å halda kurs for kinesiske studenter.

Dei siste seks åra har han til saman opphalde seg i to år i Beijing. Han kan stadfesta at luftkvaliteten i den kinesiske hovudstaden er blitt mykje betre. Tre månader etter OL er himmelen blå over byen.

Om himmelen framleis er blå om eit år, veit ingen. For på Kina sin nasjonaldag, 1. oktober, starta ein del av industrien og dei kolfyrte kraftverka opp att.

**MÅ PARKERA BILEN:** Fleire av tiltaka i forkant av OL har permanent effekt på luftkvaliteten, som forbodet mot



**MÅLTE LUFTA:**  
Zifa Wang.

eldre bilar, forbodet mot bruk av kol til matlaging og forbodet mot toktaktmotorar. Andre tiltak er ført vidare i mildare form, slik som køyreforbodet i sentrum: Under OL fekk privatbilar berre lov til å køyre annankvar dag. Nå må dei stå ein dag i veka.

Men blant 17 millionar innbyggjarar i Beijing, har berre tre millionar eigen bil. Vanlege folk vil truleg merka meir til forbodet mot å bruka kol til matlaging.

**FOLK FLEST:** Utanfor eit lite murhus i ei trong bakgate nord i Beijing, treff me ei vaksen kvinne som er i gang med dagens oppvask på utekjøkket. Kokeplata er nå fyrst med gass frå ei blå flaske under benken.

Når solstrålane smyg seg ned mellom veggene i uteromma, får ho løn for sitt bidrag til betre luft i byen: For før dei olympiske leikane var det klar himmel berre ei handfull dagar kvar år – og det var helst om vinteren når vinden stod frå nord.



**ETTER OL:** Restriksjonar på biltrafikken, fleire nye metrolinjer og utflytting av industri har gitt blåare himmel over Beijing, her ved «Fuglereiret», Beijing nasjonale stadion.

**FOLK MEIR BEVISSTE:** På universitetet treff me Fang Mingqiang (33) som er doktor ved Ocean University of China i Qingdao. Han meiner vanlege folk i Kina i er blitt meir oppmerksame på landet sine store miljøproblem. Folk både i byane og på landsbygda dør av kreft og andre sjukdomar som følgje av forureining.

**JOGGAR IGEN:** Klimaforskarar frå Bergen har vore i Beijing ei rekkje gonger sidan 2002.

– Første gongen eg jogga i Beijing, var i 2002, seier klimaforskar Tore Furevik ved Nansensenteret.

– Resultatet var at me hosta sand og slim i dagar etterpå. Luftkvaliteten var generelt dårleg, seier Furevik.

I fjor var lufta ein god del betre, men joggeskoa låg att heime. Men i år jogga Furevik kvar morgon dei ti dagane han var i byen.

– Før OL var ikkje luftkvaliteten bra. Alle kunne merka det og alle var bekymra, seier Zifa Wang, professor og nestleiar ved Nansen-Zhu-instituttet i Beijing.

**MÅLER LUFTA:** Wang stod ansvarleg for varslinga om luftkvalitet, og han foreslo tiltak i Beijing og omliggande regionar før og under OL. Han vart et-

ter olympiaden heidra med ein pris frå kinesiske styresmakter for denne innsatsen.

– Luftkvaliteten var bra i heile august, med unntak av ein dag mellom OL og Paralympics, seier Zifa Wang.

– Korleis vil folk i Beijing reagere når luftkvaliteten igjen blir verre, etter ein god periode under OL?

– Alle vil pressa på regjeringa og andre for å gjera meir for å betra lufta. Statsministeren har også lovd Beijing at han vil halda fram med dette arbeidet.

Zifa Wang seier at Beijing si byregjering har sett av rundt 40 millionar kroner til luftmålingar, modellering og kontrollar dei neste to åra.

**LOVAR BLÅ HIMMEL:** – Me skal gjera Beijing-himmelen blå, slår han fast.

– OL viste folk i Beijing at det er mogleg å gjera noko med forureiningsproblemet, seier klimaforskar Helge Drange ved Bjerknnessamarbeidet i Bergen.

– Den økonomiske veksten i Kina har gitt mange kinesarar auka levestandard. Dette vil igjen gi aukande krav, for kinesarane reiser ut og ser blå himmel over byane andre stader i verda, seier Drange.



**JOGGAR IGJEN:** Klimaforskar Tore Furevik har merka at lufta i Beijing er blitt betre.

✓ **KOLKRAFT:** Kina er verdas største forbrukar av kolkraft. Nesten 70 prosent av landet sin energi, og over 90 prosent av landet sine utslepp av svoveldioksid, stammar frå kolkraftverk. Kina har dobbelt så høge svoveldioksidutslepp som USA, ifølgje forskning.no.

✓ **PARTIKLAR:** Ei av hovudårsakene til Kina sin dårlege luftkvalitet er partiklar frå sot, støv og aerosol (finfordelte partiklar i en gass) som er mindre enn 10 mikrometer i diameter, kjent som PM10. Mengda partiklar blir målt i mikrogram (en milliondel gram) per kubikkmeter luft. EU meiner ei måling på over 40 mikrogram per kubikkmeter er utrygt. USA opererer med 50. I 2006 var Beijing sitt gjennomsnittlege PM10-nivå 141 mikrogram per kubikkmeter.

(Kjelde: forskning.no.)

# Afghansk ringrev

Harald Maaland tekst

**UTRYGT:** Det går dårlig med sikkerheten i Afghanistan. Stadig flere blir angrepet, drept, såret, bortført. Det måtte selv en så positivt innstilt mann som utenriksminister Jonas Gahr Støre erkjenne denne uken.

Hamid Karzai vet det godt, han også. Den afghanske presidenten er selv blitt utsatt for attentat flere ganger etter at han ble utnevnt til landets leder første gang i desember 2001, bare et par måneder etter det amerikansk-ledete angrepet på det da Taliban-styrte Afghanistan. Men Karzai har de ikke fått has på.

Den afghanske statslederen er snart 51 år gammel, født 24. desember 1957 i Kandahar. Karzai er pasjtun og hører altså til den største folkegruppen i Afghanistan. Faren, Abdul Ahmad Karzai, var leder for den mektige Popolzai-klanen.


**HAMID KARZAI**, som har sju søsken, fikk sin utdannelse først i Kabul, så ved universitetet i Simla, India, hvor han studerte statsvitenskap. Den afghanske presidenten er også svært språkmektig. Han er gift med Zena, som er lege, men de to har ingen barn.

Karzai sluttet seg til kampen mot den sovjetiske okkupasjonen på 1980-tallet, og hørte til ledelsen i Den afghanske nasjonale frigjøringsfront. Men han var mer en diplomatisk representant for mujahedin enn en kriger.

På begynnelsen av 1990-tallet støttet Karzai Taliban, fordi han mente de kunne bringe stabilitet til det krigsherjede landet. Men han brøt med dem fordi han mente de ble styrt av al-Qaida-arabere og andre

## PROFIL

### Hamid Karzai



50 år, president i Afghanistan

utenlandske krefter. Derfor dro han i eksil.

**ETTER TALIBANS FALL** kom han tilbake og fikk amerikanernes støtte som Afghanistans nye, midlertidige leder. Som pasjtun og tidligere tilknyttet mujahedin-bevegelsen nøyte han forholdsvis bred tillit. I 2004 ble han valgt til president av folket.

Karzais regjering har likevel aldri klart å få skikkelig kontroll over store deler av Afghanistan, som i realiteten styres av krigsherrer og lokale ledere. Han har heller aldri klart å få bukt med en enorm korrupsjon og narkotikahandel.

Hamid Karzai er også blitt kritisert for ikke å bygge opp et profesjonelt statsapparat, men støtte seg til folk med lokal innflytelse og makt. Han har iallfall balansert godt nok til å klare å holde seg ved makten. Nå vil han forhandle med Taliban for å få en slutt på krigen. Kanskje får han det til? Han kjenner dem jo.

**Når du fyller ut en jobbsøknad, nytter det lite å skrive «dyktig skarpskytter med erfaring i langdistanse-rekognosering» på cv'en.**

Andrew Spurlock, såret amerikansk Irak-veteran til The New York Times om å skaffe seg arbeid etter krigstjenesten.

## NESTE UKE

**MANDAG 24. NOVEMBER:** Opec (Organisasjonen av oljeeksporterende land) holder møte i Wien om finanskrisen.  
**TIRSDAG 25. NOVEMBER:** Kronprins Haakon drar på offisielt besøk til Tyrkia. FNs internasjonale dag for bekjempelse av vold mot kvinner.  
**TORS DAG 27. NOVEMBER:** Nordisk statsministermøte i Helsinki om finanskrisen.  
**FREDAG 28. NOVEMBER:** Valg til ny nasjonalforsamling i Romania.